



Statens vegvesen

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/69729-2

Dykkar referanse:
16/162 – 16/5089

Vår dato:
27.05.2016

Fråsegn – Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – Kommunedelplan for Bø – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 18. april 2016 med varsel om oppstart av planarbeid og forslag til planprogram for Kommunedelplan for Bø i Radøy kommune. Frist for uttale er sett til 1. juni 2016.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Opplysningar i saka:

Radøy kommune meldte oppstart av «Områdeplan for Bøvågen» i 2013. Planen var til 1. gongs høyring i 2015. Kommunen har no vedtatt å endre plantype frå områdeplan til kommunedelplan (KDP). Ein KDP medfører ein annan prosess, og kommunen har i samband med dette varsla oppstart av planarbeid for «Kommunedelplan for Bø» og har samstundes sendt planprogrammet for planen på høyring.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for vidare utvikling av Bø som tettstad. Arbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy 2012 – 2016 og eit ynskje om å utarbeide ein overordna plan som utfyller og detaljerer kommuneplanen for tettstaden Bø. Planen skal også samordne gjeldande arealplanar i området.

Planområdet omfattar heile Bøvågen med mellom anna barneskule, kyrkje, daglegvarebutikk, nærings- og bustadområde. Sentralt gjennom planområdet går Fv. 409.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Fråsegn til planprogram:

Planprogrammet skal mellom anna gjere greie for føremål med planarbeidet, planprosessen og ha med behov for utgreiingar. Fylkesveg 409 går sentralt gjennom planområdet, og er ein viktig premissleverandør for det vidare planarbeidet. Planprogrammet syner til at «Infrastruktur» er eit fokusområde for planen. Det kjem vidare fram at «Trafikk og transport vil inngå som utgreiingstema». Det er ikkje sagt noko om metode for utgreiingane.

Statens vegvesen meiner at ei trafikkanalyse kan vere eit nyttig verktøy for å forstå kva verknader av planforslaget har på vegnettet for køyrande, gåande og syklende. Vidare vil viktige utgreiingstema mellom anna vere trafikktryggleik og framkome for alle trafikantgrupper (gåande, bilist, sykkel, kollektiv, tungtransport, personar med nedsett funksjonsevne, barnetrakk). Vi vil særleg peike på behovet for trygg skuleveg i området og tilhøvet til mjuke trafikantar. Andre relevante tema vil vere universell utforming, parkering og støy.

Fråsegn til kommunedelplan:

Statens vegvesen meiner det er positivt at Radøy kommune utarbeider ein kommunedelplan for ei overordna utvikling av Bøvågen, og at ein legg vekt på å rydde opp i gamle og ofte utdaterte reguleringsplanar.

Det er i oppstartsmeldinga synt til at det er ynskje om å lempe på plankrav til nye bustadområder og lempe på føresegnene som gjeld for landbruk-, natur- og friluftsområda (LNF), slik at det vert lettare å byggje utan dispensasjon. Det kjem ikkje fram kor mange nye bustader planen legg til rette for, eller om det er nye tiltak som fører til endra tilkomst eller auka trafikk i området.

I det vidare planarbeidet vil Statens vegvesen ha fokus på tilhøvet til mjuke trafikantar, utforming av kryss og avkjørsler, byggegrensar mot veg og universell utforming. Planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen til at ein både kan utbetre vegen og legge til rette for gang / sykkelveg. Vi meiner at det bør leggjast til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av fylkesvegen.

For meir utfyllande tilbakemelding syner vi til vår fråsegn til «Områdeplan for Bøvågen» datert 30. september 2013 (vedlagt). Vi syner også til anna korrespondanse til områdeplanen og særleg til drøftingsmøte med Radøy kommune 1. juli 2015 på Statens Hus og brev frå Fylkesmannen om «Samordna uttale med motsegn i sak» datert 16. juli 2015 (vedlagt).

Sluttord:

Når planen kjem på høyring og det føreligg eit konkret planframlegg vil vi vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i plan.

Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Vedlegg:

Uttale til oppstart – Områdeplan for Bøvågen, 2013.

Samordna uttale Bøvågen områdeplan, 2015.

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2013/092728-002

Dykkar referanse:
12/2050-6

Vår dato:
30.09.2013

Uttale til melding om oppstart av planarbeid - Områdeplan for Bøvågen i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 09.08.2013.

Formålet med planarbeidet er å utarbeide ein områdeplan for Bøvågen i tråd med planstrategien for Radøy kommune. Områdeplanen skal følgje opp intensjonane i kommuneplanen sin arealdel og skal mellom anna gje svar på infrastruktur og samordningsspørsmål.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- vegstyresmakt i riksvegsaker
- vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- statlig fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølemping knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Uttale

Gåing og sykling

Det er i oppstartsmeldinga ikkje sagt noko om kor mange nye bustader reguleringsplanen skal leggje til rette for. I føresegnene til kommuneplan for Radøy pkt. 2.4 går det fram at bustadområde ikkje kan takast i bruk før avkøyrsløp/kryss med busslommer og fortau/gang- og sykkelveg, mellom anna trygg skuleveg, er opparbeidd i samsvar med reguleringsplan og krav sett i byggjeløyve.

Fortau er opparbeidd på eit kort strekk frå kyrkja og fram til Hordabø barneskule nord i planområdet. Utover dette er det innanfor planområdet mangel på eit tilbod for mjuke trafikantar. Det må sikrast at born får trygg skuleveg og det bør leggjast til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av fylkesvegen gjennom heile planområdet. Vi rår til at handbok 017, Figur C17: Tverrprofil Sa2 (alternativ 1) vert lagt til grunn for utforminga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Dette tilseier 10,5 meter vegbredde inklusive gang- og sykkelveg. Statens vegvesen ser det som viktig at desse tiltaka blir regulert inn i planen og vil vurdere krav til rekkefølge når det ligg føre eit konkret planframlegg. I utgangspunktet må det likevel påreknast at det vil bli sett krav til realisering av trygg skuleveg og gang/sykkelveg frå nye bustadområde fram til barneskulen. Ein må også ta stilling til kvar ein skal etablere gode kryssingspunkt.

Kryss/avkøyrslar

Mange trafikkulukker der mjuke trafikantar er involvert finn stad i kryss og avkøyrslar. Det er derfor særleg viktig at desse punkta vert regulert og utforma på ein trafikksikker måte. Statens vegvesen ser det som eit mål å avgrense talet på avkøyrslar. Ein bør derfor vurdere å samle avkøyrslar til eit påkoplingspunkt på fylkesvegen der dette er mogeleg.

I kryss/avkøyrslar skal fortau trekkast 5 meter inn frå primærvegen for å hindre at biler blokkerer kryssingspunktet for gåande og for å betre trafikkavviklinga. Sjå skisse:



For kryss og avkøyrslar med fylkesveg skal reguleringsplanen vise frisisiktlinjer med tilhøyrande frisisiktsoner. (sikringszone frisisikt). Frisisiktsoner skal omtalast som omsynssone i føresegnene til planen. Vi rår til følgjande føresegn: *I frisisiktsoner skal det ikkje vere vegetasjon eller andre innretningar som hindrar fri sikt i samsvar med vegnormalane.*

Svingradius i kryss og avkøyrslar bør talfestast i reguleringsplankartet.

Byggjegranser

Jamfør veglova § 29 er byggjegrensa mot riks- og fylkesveg 50 meter dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova. For gang og sykkelveg er byggjegrensa 15 meter. Dersom byggjegrensa i ein reguleringsplan skal vere ei anna, må dette kome fram av planen. Byggjegrensa må visast i plankartet med tal og symbol. Ho kan også omtalast i føresegnene. I gjeldande «Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest» er Fv. 409 plassert i streng haldningsklasse, noko som tilseier ei byggjegrense på 50 meter. I forslaget til ny rammeplan er byggjegrensa sett til 30 meter. Statens vegvesen vil på bakgrunn av dette akseptere at byggjegrense blir sett 30 meter frå vegmidte fylkesveg.

Universell utforming

Det er eit hovudmål i Nasjonal transportplan 2013 – 2023 at transportsystemet skal vere universelt utforma. Å sikre nok areal til universell utforming av gangsystem og haldeplasser for kollektivtransport er ein viktig detalj i mange reguleringsplanar. Vi vil særleg gjere merksam på at busshaldeplassar med plattform og lehus ofte krev meir areal enn dei tradisjonelt har gjort.

Diverse

Vi ser at planområdet ligg tett ved sjøen. Dersom planarbeidet tek sikte på å leggje til rette for tiltak retta mot allmenn bruk må ein tenkje på parkering.

Dersom det er ynskjeleg vil Statens vegvesen kunne være behjelpeleg med råd knytt til planlegging av vegløyningar innanfor planområdet. Ta gjerne kontakt med sakshandsamar.

Teknisk plan

I arbeidet med områdeplanen bør det utarbeidast ein teknisk plan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen. Planen bør innehalde tekniske teikningar og omtale som dokumenterer at dei planlagde vegtiltaka kan gjennomførast og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen.

Sluttord

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentlig ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg, vil vi vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og forvaltning - Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Ingelin Garen

Kopi: Hordaland fylkeskommune, planseksjonen
Fylkesmannen i Hordaland, plan- og beredskapsseksjonen



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
16.07.2015
Dykkar dato
24.04.2015

Vår referanse
2013/10481 421.4
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Samordna uttale med motsegn i sak - offentlig ettersyn - Radøy - Bøvågen - områdeplan

Vi viser til Dykkar brev datert 24.4.2015, der framlegg til områdereguleringsplan for Bøvågen er lagt ut til offentlig ettersyn. Vi viser òg til forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker, jf. brev av 22.8.2013 til kommunane i Hordaland og til avtale om utsett svarfrist.

Bakgrunn

Områdeplanen for Bøvågen har som mål å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i tråd med arealføremål i kommuneplan. Planen skal detaljere overordna plan, og samle og erstatte eldre reguleringsplanar innafør planområdet.

Statlege motsegner – forankring og grunngjeving

I høyringsperioden har Fylkesmannen motteke uttale til planforslaget frå Statens vegvesen (SVV). I tillegg har Fylkesmannen peika på nokre område der ein oppfattar at planen strir mot nasjonale føresetnader for arealforvaltninga.

Statens vegvesen sin uttale

Fylkesmannen har motteke uttale datert 29.5.2015 med motsegn til planen, samt tilleggsuttale av 5.6.15. Innhaldet i motsegnspunkta, samt grunngjeving for og forankringa av dei, går fram av uttalane som er lagt ved. Summert opp, skriv SVV følgjande:

- *Vi har motsegn til planen som går på trafikktryggleik for skulevegen og regulering av fylkesvegen med sideareal.*

Vidare er dette konkretisert ved at:

- *SVV har motsegn til at parkeringsplassen til barnehagen O_P06 er lagt innanfor byggjegransa på 15 meter, grunna omsynet til trafikktryggleiken og trong for areal i samband med opprusting/ utbetring av veg, og*
- *til kryssingspunkt som ikkje har vist tilbaketrekt gangveg/ fortau. Det vil etter SVV sitt syn vere særleg viktig å få til trafiksikre løysingar, då det her er snakk om skuleveg.*

Vidare er det gitt opplysningar om gjeldande krav når det gjeld vegnormalane, samt ein del faglege råd for det vidare arbeidet med planen.

Fylkesmannen sin uttale

Fylkesmannen har vurdert planen etter nasjonale føresetnader på miljøområdet, med særleg fokus på det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf plan- og bygningslova § (PBL) § 1.8.) og gjeldande *Statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langssjøen, samt Rikspolitiske*

retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unges interesser i planlegginga jf. [Statlige planretningslinjer \(SPR\)](#).

Vi har funne det naudsynt å knyte følgjande merknader til planen:

Bygging i strandsona

Reguleringsplanen inneheld både nye naustområde og småbåtanlegg i sjø. Radøy er i SPR definert som eit område med mindre press på areala (sone 3). Sjølv om kommunen er definert å liggje i denne sona, skal det likevel takast omsyn til ålmentas interesser i strandsona. Ifølgje lova må mellom anna alternative plasseringar av tiltak og mogelegheitene for felles bryggjer og naust vurderast.

Småbåtanlegg

Det er lagt ut fire område med småbåtanlegg i sjø (SB01-SB04), der ein kan gjere mindre tiltak i sjø knytt til eksisterande naust. I område SBL01 vert det også opna for mindre tiltak knytt til dei eksisterande nausta. I føresegn 2.14.3 blir eit mindre tiltak definert som:

1. *Flytebryggje eller kai framfor naust på inntil 10 kvm.*
2. *Båtopptrekk/lunner framfor naust*
3. *Andre tiltak som etter bygningsstyremakta si vurdering vert å rekne som eit mindre tiltak knytt til det einskilde naust*

Reguleringsplanen legg med andre ord opp til eit stort tal små private brygger/kaier. Det vil kunne føre til ei unødvendig og omfattande privatisering av strandsona. Det er også uklart kva som vert meint med eksisterande naust, om det er naust som eksisterer i dag eller at naustet må vera der før dei kan gjera mindre tiltak.

Fylkesmannen meiner uansett at dette vil føre til ein omfattande privatisering av strandsona og at ein heller å finne gode løysningar i fellesanlegg.

Naust

Reguleringsplanen viser seks naustområde, der område 1-3 er fortetting av naustområde og område 4-6 er allereie eksisterande naust. Spesielt i NAUST01 er det lagt opp til ei sterk fortetting. Her er det viktig få til ei utbygging som òg å sikrar allmenta tilgang til sjøen. Det er presisert i føresegna at nausta skal vere spreidde, men det bør også sikrast i føresegnene kor tett/ omfattande det kan byggjast. Det er også viktig at noko grøn struktur på neset blir sikra.

I området NAUST02 blir det lagt opp til at det kan førast opp bodar/oppbevaringsnaust langs formåls-grensa i vest, men ikkje langs strandlina. Området NAUST06 er sett av til eksisterande naust. I begge desse områda er det tatt med område i kartet der det ikkje skal stå naust ifølge føresegnene. Det er uheldig. Desse områda bør i staden setjast av som friområde, for å gjere det heilt klart at det ikkje skal byggjast naust her. Vi viser til at i arealdelen til kommuneplanen er området NAUST02 sett av til friområde, medan NAUST06 er vist som område for bustad.

Fylkesmannen meiner at sidan Radøy ligg i sone 3 i «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen», kan det opnast for nokre nye naust i området Men det er likevel viktig samstundes å sikre tilgang til strandsona og andre viktige grøne strukturar, for ålmenta og for framtidige busette i området.

Risiko og sårbarheit

Risiko og sårbarheitsanalysen er uklar og mangelfull. I ROS-analysen i planskildringa nyttar kommunen akseptkriteria frå FylkesROS. Det er problematisk då det handlar om to vidt forskjellige analyseobjekt. I arealplansamheng må kommunen m.a. tilfredsstillere krav i TEK10.

Det er også uklart kva som er risikovurdert. Er til dømes flaum, radon, klimaendringar, ekstremvær, overvassproblematikk og havnivåstigning vurdert? Nokre av desse temaa er nemnde andre stadar i planskildringa, men det bør komme klart fram i sjølve ROS-analysen kva som er vurdert.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal vere merka av som omsynssone i planen jf. PBL. §§ 4-3, 11-8 og 12-6. Med unntak av at høgspenningsanlegg er merka av som faresone, er det ikkje gjort.

ROS-analysen må nytte akseptkriteria i tråd med krav i byggt teknisk forskrift (TEK10), eventuelt tilsvarande for område som ikkje er regulert i TEK10, og at område med fare, risiko eller sårbarheit må vere viste med relevant omsynssone i planen.

Barn og unge

I føresegn 2.1.8 står det at *ved fortetting av området BF01, BF20, BF29, BF40 skal det setjast av areal til felles leikeplass*. Det er ikkje sett av eit spesifikt område til leik i desse områda. Det er då lett for at leikområdet blir nedprioritert. For å sikre at det blir felles leikeplass i desse områda, bør det etter Fylkesmannen sitt syn helst visast i områdeplanen. Det bør stillast rekkefølgjekrav som omhandlar dette.

Oppsummering

Fylkesmannen meiner planen på nokre område strir mot nasjonale føringar for arealforvaltninga og vil invitere til ein dialog om følgjande punkt:

1. I områda som blir omtalt som småbåtanlegg blir det lagt opp til at alle naust skal få si eiga kai/ flytebrygge. Det er også lagt opp til svært tett bygging av naust på NAUST01. Fylkesmannen meiner at det strir imot nasjonale føresetnader for forvaltning av strandsona og pbl. § 1-8.
2. Akseptkriteria lagt til grunn for ROS-analysen er ikkje i samsvar med lov- og forskriftskrav (TEK10). Område med fare, risiko eller sårbarheit er til dels ikkje merkte av som omsynssoner i plankartet. Det er i strid med pbl. § 4-3.
3. Det er ikkje stilt rekkefølgjekrav for å sikre etablering av leikeareal i områda BF01, BF20, BF29 og BF40. Etter Fylkesmannen sitt syn må det gjerast.

Statleg samordning – saksgang

Føremålet med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre. Dei statlege fagorgana sender i forsøksperioden sine uttaler, med motsegn, til Fylkesmannen.

Fylkesmannen samordnar høyringsuttalane i samråd med høyringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ein samla uttale til kommunen, der det vert teke stilling til kva motsegner som skal fremjast. Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at denne ikkje blir fremja for kommunen, men då etter dialog med aktuell styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale/ regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggjast vekt på det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmennene kan i prosjektperioden sjølv finne praktiske løysingar for samordna uttale. I Hordaland har dette blitt løyst ved at det, om mogeleg innan utløp av høyringsfristen, først vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styresmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankringa av desse vert diskutert. Deretter vert kommunen invitert til eit dialogmøte, der dei statlege innvendingane vert presentert og drøfta med kommunen som planstyresmakt. Dialogmøtet er valfritt. Men dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen, vert det sendt ut ein samordna uttale først i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja direkte,

eventuelt blir avskorne eller vert rekna som uaktuelle etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

Dialogmøte med kommunen

I tråd med ovannemnde opplegg for forsøksordninga vart Radøy kommune invitert til og takka ja til ein utvida dialog om motsegnspunkta. Møtet vart halde den 1.7.2015, i Statens Hus.

Til stades

Frå Radøy kommune:

- Lisbeth Toppe Alvær, kommunalsjef.
- Tonje Nepstad Epland, leiar for teknisk forvaltning.

Frå Statens vegvesen:

- Kari Elster Moen, overingeniør.
- Marian Dagfrid Barsnes, overingeniør.

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Egil Hauge, prosjektleiar – samordningsprosjektet.
- Arve Meidell, seksjonsleiar, plan og beredskap – KSA.
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar - KSA.

Tema som vart drøfta på møtet – referat

Fylkesmannen ønska velkomen. Radøy kommune orienterte om planprosessen og forslaget. Staden Bøvågen har mange kvalitetar som bustadområde og det er eit kommunalt og lokalt ønskje å utvikle staden vidare på ein god måte.

Fylkesmannen sine innspel var lagt fram og drøfta. Kommunen tok innvendingane til orientering og vil arbeide vidare med planen ut frå at Fylkesmannen har motsegn, inntil at følgjande punkt blir løyste:

- Det blir lagt inn eit akseptabelt «tak» på talet naust i område N_01.
- Punkt nr.1 i føresegn 2.14.3 vert teke ut.

Kommunen vil elles vurdere utnyttinga og utbyggingsmåten i område N_01 og elles sjå på om born og unge sine interesser bør sikrast betre gjennom krav om rekkefølge, eller om kommuneplanen sine overordna føringar gjev god nok føring i så måte. Kommunen ser òg at det er visse manglar i planen i høve til risiko og tryggleik, mellom anna pga. manglande innlagt omsynssone, og vil kome attende med ei ny løysing for dette.

Statens vegvesen sine motsegnspunkt og innspel til planen vart deretter drøfta. Det var semje om at:

- Kommunen vil sjå på ei ny løysing som inneber at parkeringsplassen ved barnehagen vert lagt utanfor byggegrensa, som SVV av har kravd må vere på 15 meter.
- Kommunen vurderer kravet om utforming av kryss m/ tilbaketrekt gangveg/ fortau. Statens vegvesen vil om naudsynt kunne skaffe fram nærare opplysningar om korleis motsegn på dette punktet er heimla og elles gje råd om praktiske løysingar.

Avslutningsvis vart det gjeve råd om utforming av miljøgate. Kommunen vil sjå på korleis ein kan sikre tilstrekkelege areal for rigg-/ anleggsområde i planen og vil elles utvikle planen vidare, med sikte på å kome dei statlege innvendingane til planen i møte. Fylkesmannen opplyste at han i denne saka ikkje finn det rett å avskjere Statens vegvesen sin motsegner.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at det på mange måtar er gjort eit godt arbeid med planen og at den vil kunne bli eit godt reiskap for vidare utvikling av Bøvågen som lokal tettstad. Vi oppfatta likevel etter dialogmøtet ei semje om at planen førebels har nokre manglar som må rettast opp. Radøy kommune vil no vurdere desse og andre innspel til planen og sjå på korleis han kan endrast for å kome dei i møte.

Statens vegvesen og Fylkesmannen vil begge vere opne for ein vidare dialog om planen, slik at ein raskast råd kan kome fram til eit planframlegg som kommunen kan vedta. Skulle det vise seg at ein likevel ikkje oppnår semje om eit nytt forslag, vil alternativet vere at Radøy kommune ber Fylkesmannen om at saka vert teken opp til formell meklings, jf. PBL. § 5-6.

Til slutt vil vi minne om at kommunen må vurdere om dei endringane som vert gjort etter første - gongsutlegging samla vil ha eit omfang som gjer det naudsynt å leggje planen ut til nytt offentleg ettersyn.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:				
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen	
Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger	